



DEN NORSKE KYRKJA

Leveld, Torpo og Ål sokneråd

Møtebok

Leveld, Torpo og Ål sokneråd

Ål, Møte 07.10.2025

Møtestart: Kl 16.30 Ål kyrkjestugu

Møteslutt: Kl 17.45

Til stade:

Medlemer: Inger Haug (Leveld), Liv A. Solberg (Leveld), Frøydis Stoveland Dekko (Torpo), Kari Kristine Flatland (Torpo), Anne Kjersti Frøyen (Ål), Ingrid K. Hajem (Ål), Marianne Bergsjø Gammelsæter (sokneprest), Kristoffer Lønning Tørresen (setteprost)

Varamedlem: Wenche Skår-Ekse (vara Ål)

Andre: Kristoffer Krohn Sævre, sekretær

Forfall: Arild Øystese Hansen (Ål), Audun Vestenfor (Ål)

Opning v/Ingrid K. Hajem

SAKSLISTE:

SR-sak 43/25: Godkjenning av referat frå møtet 09.09.25 og innkalling 07.10.25

SR-sak 44/25: Velkomst og samtale med ny sokneprest

SR-sak 45/25: Orienteringssaker

SR-sak 46/25: Syng jula inn

SR-sak 47/25: Lederforum inkl. Økumenikkpris

SR-sak 48/25: Gudstenesteliste våren 2026

SR-sak 49/25: Invitere tilsette til sokneråd

SR-sak 50/25: Eventuelt - Ivareta situasjonen utan diakon

SR-sak 43/25: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 09.09.25 OG MØTEINNKALLING 07.10.25

Saksdokument:

Møtebok frå møtet 09.09.2025

Saksopplysningar:

Møtebok frå møtet i Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 09.09.2025 vert lagt fram for eventuelle korrigeringar og til godkjenning.

Møteinnkallinga for møtet 07.10.2025 er lagt fram for godkjenning.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 07.10.2025

VEDTAK:

Leveld, Torpo og Ål sokneråd godkjenner møteboka frå 09.09.2025.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd godkjenner innkallinga til møtet 07.10.2025.

SR-sak 44/25: VELKOMST AV NY SOKNEPREST

Saksframlegg:

Sokneprest Marianne Bergsjø Gammelsæter er ny sokneprest i Ål frå og med 6. oktober. Det blir innsetjingsgudsteneste 19. oktober i Ål kyrkje kl 11 der prosten deltek. Soknerådet vil ynskje Marianne velkomen og ha ei innleiande samtale i soknerådsmøtet.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 07.10.2025

VEDTAK:

Soknerådet ynskjer den nye soknepresten velkomen og ser fram til innseting 19. oktober.

SR-sak 45/25: ORIENTERINGSSAKER

Saksframlegg:

- 1) Komiteen for kyrkjejubileumsbok hadde fyrste redaksjonsmøte 2. oktober. Finansiering blir viktig å jobbe med.
- 2) Markeringa av ny ordlyd i nynorsk truvedkjenning blir antakeleg utsett grunna biskopens sjukemelding.
- 3) Staben hadde digitalt innføringskurs i «Kirka vår» 25/9. Verktøyet ser ut til å kunne bli nyttig, også for soknerådet sin del med planlegging av aktivitetar i 2026 og komande år.
- 4) Nikolai Hansli Quartet ynskjer å ha konsert i Ål kyrkje i februar. Staben ved kontor bes om å ha dialogen i tråd med rutinane for utleige. Soknerådet får slike saker til behandling viss kyrkja skal stå som arrangør, elles berre til informasjon.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 07.10.2025

VEDTAK:

Soknerådet takker for orienteringane.

SR-sak 46/25: SYNG JULA INN

Saksframlegg:

«Syng jula inn» vart starta nokre år tilbake rett etter middagen i kyrkjestugu, altså ikkje ein sundag. SuperTorsdag ber om at arrangementet vert planlagt torsdag 18/12 i staden for sundag 21/12 sidan det vert siste middag i kyrkjestugu før jul. Ei slik datoendring kan få med familiar og deltakarar frå SuperTorsdag, slik det vart gjort i 2024. I så fall oppmuntrast det til å velje ut ein del songar som også passer for born.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 07.10.2025

VEDTAK:

Soknerådet takkar for forslaget og vedtek at «Syng jula inn» endrar dato frå 21/12 til 18/12. Staben ved kyrkjekontoret bes om å forberede endringa og gjennomføringa.

SR-sak 47/25: LEDERFORUM INKL. ØKUMENIKKPRIS

Saksframlegg:

Liv Solberg deltok på Lederforum i Ål på vegne av AU. Dei fylgjande sakene vart tatt opp i møtet:

- Plassering av økumenikkpris
- Fellesgudsteneste 18.jan på HÅP
- Sundreball – medverke til bønnetelt/fellesmøte 25.jan ettermiddagen

- Felles juletefest med Normisjon? Kilden planlegg juletefest 2.juledag.
- Forslag om fredsgudsteneste stavkyrkjetomta 8. mai.
- Forslag om felles Alphakurs hausten 2026
- Neste møte lederforum 6.nov – Liv deltar.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 07.10.2025

VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringa.

Soknepresten er positiv til å delta saman med Liv – neste lederforum er planlagt 6. november.

Soknerådet ynskjer å ta del i fellesgudsteneste 18. januar på HÅP og vil ikkje planlegge gudsteneste i kyrkjene den dato.

Soknerådet ynskjer å medverke på fredsgudsteneste 8. mai på stavkyrkjetomta.

Soknerådet ber sokneprest og staben kome med innspel til dei øvrige forslaga innan novembermøtet.

SR-sak 48/25: GUDSTENESTELISTE VÅREN 2026

Saksframlegg:

Prosten har gjort klart utkast til gudstenesteliste for våren 2026 som vil bli presentert i møtet.

Soknerådet bes om å gjere eit foreløpig vedtak, men me ynskjer også å la ny sokneprest gje innspel innan novembermøtet. Prosten har lagt inn forslag om å redusere noko – for eksempel å planlegge ein helg i vinterferien utan gudsteneste, og å prioritere langfredag framfor skjærtorsdag i påsken. Prosten foreslår også at me generelt ikkje planlegg nokon parallellgudstenester.

Drøfting

Prosten foreslår at soknerådet ikkje vedtar ei spesifikk liste over ofringar, men heller ein fordelingsnøkkel av ofringar. Bør sjåast opp imot tidlegare vedtak og offerfordeling, men me har ikkje ei vedtatt liste per i dag. Ofringar bør vere ein visjon, det kan vere ein måte å gi kurs for soknet – å vise kva me ynskjer og prioriterer. Soknepresten kan ta med ei oversikt og utkast til offerliste i novembermøtet. Blir sett opp som samtalesak i novembermøtet. Trengs meir synleggjering av prosjekt me samlar inn til.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 07.10.2025

VEDTAK:

Soknerådet vedtek utkast til gudstenesteliste for våren 2026, med mogeleg innspel og revidering i novembermøtet.

SR-sak 49/25: INVITERE TILSETTE TIL SOKNERÅDSMØTE

Saksframlegg:

Forskriften / kirkeordningen §12 femte ledd seier at «menighetsrådet innbyr minst en gang i året de tilsatte i soknet til å ta del i rådets drøftinger om menighetsforholdene og de oppgaver som foreligger.» AU anbefaler at soknerådet inviterar dei tilsette ved kyrkjekontoret i Ål til soknerådsmøtet. Det kan vere frivillig deltaking, men tilsette i utadretta arbeid bør delta.

Leveld, Torpo og Ål sokneråd i møte 07.10.2025

VEDTAK:

Soknerådet ber kyrkjevevja om å kalle inn dei tilsette ved Ål kyrkjekontor til å ta del i soknerådsmøtet 2. desember for å samtale om kyrkjelyden og om planlagde aktivitetar i 2026.

SR-sak 50: Eventuelt Ivareta situasjonen utan diakon

Situasjonen ved å ikkje ha diakon krevjer ekstra frå diakoniutvalet som bidrar frivillig. Eit eksempel på utfordringane er julehilsenar til alle fra 80-årene og oppover. Me har for få diakonimedarbeidarar til å nå rundt, og det koster å kjøpe gave til alle. Bør sjå til at arbeidet med eldre ikkje går på bekostning av andre målgrupper. Vurdere å revitalisere diakoniplanen – og basere den ut ifrå at me faktisk ikkje har diakon denne hausten. Me må vurdere arbeid med å vareta unge vaksne, mannsgrupper, flyktningar, familiarbeid og barn etter skuletid m.m. Diakoniutvalet må gjerne skissere ei retning som soknerådet kan slutte seg til. Diakoniutvalet har møte neste mandag – denne samtalen var nyttig fordi diakoniutvalet ynskjer å ha soknerådet i ryggen.

Neste møte: 11. november 2025